

Strategi for Det humanistiske fakultet 2011–2015 – høyringsfråsegn frå Institutt for framandspråk

Denne saka vart send ut til alle tilsette ved IF 26. mai. Instituttleiinga bad om synspunkt og kommentarar både frå einskildpersonar og grupper innan 10. august. Det kom inn berre to innspel: frå Martin Paulsen (russisk) og frå engelskfaget, som drøfta strategien på eit lærarmøte. På grunnlag av desse innspela, drøfting i leiargruppa og handsaming i instituttrådet vil IF kome med følgjande høyringsfråsegn.

HF sin strategiske plan skal vere retningsgjevande for fakultetet (og grunneiningane) sitt arbeid i planperioden og bidra til målsetjingane i UiB sin overordna strategi. IF sluttar seg til dei aller fleste hovudpunkta i utkastet til strategiplan. Dokumentet skildrar på ein god måte situasjonen i dag, og vi er stort sett samde i framlegga til hovudretninga for der HF bør vere i 2015. Strategien støttar den overordna strategien til UiB, men tek samstundes omsyn til HF sin eigen ståstad og særskilde utfordringar. At fakultetsleiinga strekar under *kvalitet* som det overordna i strategiplanen, synest vi er godt og riktig. Dette bør òg styra grunneiningane sitt arbeid med lokale strategiplanar. Vi har likevel framlegg til endringar i både form og innhald i den planen som er send ut til høyring.

Dokumentet for ordrikt, generelt og lite poengtert. Det bør kortast ned, og det treng ei strammare redigering. Det er viktig å gi plass til grunngjevingar og skildringar av kontekst i den endelege planen, men slik dokumentet er no, druknar mange av hovudpunkta i den løpande teksten. Dette gjeld særleg bolken “Fakultetets mål 2011–2015” (s. 12 utover). IF foreslår at ein her organiserer teksten på ein annan måte: Først vert hovudmåla (dei overordna måla) omtala. Med utgangspunkt i hovudmåla vert deretter hovudutfordringane og strategiane for å møte desse omtala. Dette inneber at ein flyttar ein del av det som vert sagt på dei føregåande sidene (s. 4–11), bakover i strategidokumentet. Uansett kva presentasjonsmåte ein vel, bør ein unngå dei mange unødvendige gjentakningane som finst i utkastet.

Når et gjeld innhaldet, er skildringa av humaniora sin plass i samfunnet (s. 4) altfor defensiv og prega av hjelpedisiplin-perspektivet. Det er heilt vesentleg å få fram at humaniora står på egne bein. Nytteverdien ligg først og fremst i eigenverdien til humaniora. Såleis bør ein leggje vekt på demokrati-aspektet og forståinga av humaniora sin verdi for den offentlege debatten. Forsking på og utdanning i humanistiske disiplinar dannar – og skal danne – grunnlaget for ein betre og meir opplyst offentleg debatt. Humaniora er avgjerande for korleis vi forstår plassen vår i verda og kulturarven vår.

Ressurssituasjonen for fakultetet (s. 5) vert diskutert utelukkande i lys av undervisning og studenttilstrøyming. Her bør ein òg ta med litt om eksternt finansierte forskingsprosjekt, som – anten ein liker det eller ikkje – vert stadig viktigare for økonomien til fakultetet. Kva planlegg ein for å auke talet på slike prosjekt? Eksternt finansierte forskning vert nemnd under “Forsking” (s. 15), men heller ikkje her er ein særleg konkret.

Vi er glade for at fakultetsleiinga ønskjer å fremje tverrfagleg samarbeid innan forskning og undervisning (s. 10). I denne samanhengen etterlyser vi konkrete strategiar og tiltak

for å skape og støtte tverrfagleg samarbeid. Vi vil elles peike på at ikkje alle institutt er heterogene, slik det vert hevda i utkastet.

Utkastet til strategisk plan legg stor vekt på forskargrupper. Vi er samde i at forskargruppene har ein viktig funksjon, m.a. ved innhenting av større eksternfinansierte prosjekt. Utvikling av forskargrupper vil vere ei prioritert oppgåve ved IF. Samstundes meiner vi at den individuelle forskinga framleis er av stor verdi og bør vernast mot å verte pressa inn i større grupper eller institusjonelle rammer. I dei sterkaste fagmiljøa ved IF vert mykje av forskinga (også forskning som resulterer i publisering på prestisjetunge internasjonale forlag) gjort utanfor forskargrupper.

Planen strekar under at “[a]ll undervisning ved fakultetet skal vere forskingsbasert eller forankra i kunstnarleg utviklingsarbeid” (s. 15). Dette er eit viktig hovudprinsipp som vi bør halde fast ved. Samstundes må vi ta omsyn til realitetane ute i grunneiningane. Der det i dag vert brukt store ressursar til timelærarar og andre mellombels tilsette lærarar, kan vi vanlegvis ikkje tale om forskingsbasert undervisning. Her må fakultetet finne fram til gode løysingar som er i samsvar med gjeldande lovverk og god personalpolitikk. Til dømes på nokre språkfag kan dette føre til at den forskingsbaserte undervisninga på grunnleggjande nivå blir supplert av fast tilsette lektorar, i staden for mellombels tilsette lektorar som i dag.